

## **Utdanningsmelding 2013**

### **Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap**

#### **Oppfølging av prioriteringar og problemstillingar frå utdanningsmeldinga 2012**

I utdanningsmeldinga frå 2012 la instituttet opp til fortsatt satsing på studiekvalitet og læringsmiljø. Studiekvalitet og læringsmiljø har vore ei særleg prioritering i 2013, meir om arbeidet kan lesast nedanfor. Også alumnumstiltaka vart gjennomførte som planlagt.

Internasjonalisering vart signalisert som ei viktig oppgåve i meldinga frå 2012, og det har vorte prioritert i 2013. For det første med tanke på å auka talet studentar på utveksling. Det vart gjennomført to kontaktreiser for å gje eit betre utvekslingstilbod. Det er òg laga tydelegare informasjonssider om utveksling på instituttet sine nettsider. For det andre vart det signalisert at vi ville starta to nye engelskspråklege kurs på masternivå. Det eine av desse er sett i gang, Scandinavian Public Administration. Kurset har diverre ikkje trekt så mange studentar som ynskjeleg og det må vurderast korleis det kan vidareutviklast. Det andre tiltaket, Constitution and Politics, har det ikkje vore mogeleg for instituttet å prioritera i 2013, primært pga personalstoda.

Meldinga 2012 signaliserte at instituttet skulle betra svarprosenten på studentevalueringane. Det vart forsøkt med elektroniske studentevalueringer, via nettbaserte spørjeskjema. I enkelte emne forsøkte vi med premie (gåvekort på kr 500 frå Studia) for dei som gjennomførte evalueringa. Mykje tyder på at det beste er evaluering på trykte skjema som vert utfylt på forelesing og samla inn der. Vi signaliserte at vi skulle gjennomføra ei kandidatundersøking. Vi har arbeidd med den i 2013 og er no klare til å gjennomføra den i mars 2014..

#### **Studiekvalitet og læringsmiljø**

I 2013 har instituttet halde fram fokuset på studiekvalitet - og læringsmiljøtiltak. Eit viktig tiltak for studiekvaliteten var at instituttet sette ned ei gruppe som gjekk gjennom ein del av emna på 100-nivå for å sjå på overlappingar og samordning mellom dei. Dette arbeidet resulterte i viktige justeringar og vil verta vidareført i 2014.

Instituttet har gjort mykje når det gjeld læringsmiljø. Våren 2013 arrangerte instituttet ein rekrutteringsdag slik som våren 2011. Føremålet var å auka talet på søkerar til masterprogrammet. Tiltaket vil verta iverksett igjen våren 2014.

Instituttet har i 2013 betra oppfølginga av masterstudentane. Dette er gjort ved å gjennomføra ei rekke oppfølgingsseminar. Seminara vart gjennomført midtvegs i første semester av masterstudiet, i byrjinga av andre semester og i byrjinga av siste semester av studiet.

Vi vil halda fram med dei nemnde tiltaka i 2014 , samt utvida dei der det er høve til det. Vi ynskjer og å setja i verk ei nærare oppfølging av bachelorstudentane, samt vidare leggja til rette for tiltak arrangert av fagutvalet. Instituttet har òg eit PEK-prosjekt, som går på læringsmiljø og studiekvalitet. Det inneheld følgjande tiltak ;

- Integrering og sosialisering mellom dei norske og dei internasjonale masterstudentane.

- Faglege filmkveldar, i samarbeid med mellom anna BIFF
- Studentblogg (oppstart vår 2014)
- Adm.Org film som forklarar fagfeltet (vert slutført vår 2014)

Instituttet vil våren 2014 gjennomføre eit jobbsøkjarkurs i samarbeid med Karrieresenteret.

## Evaluering

Instituttet evaluerer kontinuerleg 1/3 av emna kvart semester. Studentevalueringane inkluderer både førelesningar og seminarundervisninga. Tilbakemeldingane dannar grunnlag for ein rapport som vert formidla til undervisningsleiar og undervisningsutvalet, samt emneansvarlige. Rapportane vert godkjende i instituttrådet før dei vert publiserte i *Studiekvalitetsdatabasen*.

Instituttet har fylgt planane for emneevaluering med få unntak. Emne som ikkje vart evaluerte er tekne igjen i det påfølgjande semesteret. Rapportane og programsensorrapportane vil verta publisert i *Studiekvalitetsbasen* så snart dei er godkjende av instituttrådet medio februar 2014. Alle emna, samt master- og bachelorprogram har vore evaluerte i 2013. Anten i form av studentevaluering eller gjennom programsensor. Det er berre *Master's Programme in Public Administration* som ikkje har vore evaluert i 2013. Det er no oppnemnd ein programsensor som vil evaluera og gjennomgå programmet i 2014. Frå 2014 vil vi ha ein programsensor for masterprogrammet i administrasjon og organisasjonsvitenskap, ein for *Master's Programme in Public Administration* og ein for bachelorprogrammet. Tidlegare har vi berre hatt ein felles for begge masterprogramma.

Det som kom fram i evaluatingsprosessane vert fylgt opp av emneansvarlege og i undervisningsutvalet. Meir gjennomgåande utfordringar er tekne opp i undervisningsutval og på stabsmøte. Innspela derifrå vil verta fylgt opp i gjennomgangen av dei ulike emna som ein vil driva vidare i 2014, som nemnd ovanfor.

I 2014 vil instituttet ha denne planen for emneevaluering :

	<b>100</b>	<b>101</b>	<b>103</b>	<b>104</b>	<b>105</b>	<b>106</b>	<b>107</b>	<b>209</b>	<b>210</b>	<b>250</b>	<b>320</b>	<b>321</b>
<b>Vår 2014</b>		S		S	E	E		E	E	E		
<b>Haust 2014</b>	S	S	E				S				E	E
<b>Vår 2014</b>		E		E	S	E		E	E	E		

I tillegg vil de verta gjennomført ei vurdering av våre tre program av dei oppnemnde programsensorane i 2014.

## Utdanningsaktivitet i 2013

### Tabell 1: Søkertall BASV-AORG 2013

Antall studieplasser pr. program, søker med et program som førstevalg pr. 15. april (primærsøker), utsendte tilbud, antall ja-svar og studenter som er møtt (semesterregistrert) pr. 1. september

Kilde: Opptakstall Samordna Opptak, 2013 (Alle studier rangert etter antall søker førstevalg) og Orientering om opptak ved SV-fakultetet 2013/9096

Program	Studie-plasser	Primær-søkere	Søkere pr studieplass	Endring fra 2012	Tilbud opptak	Akseptert tilbud	Frem-møtte
Årsstudium ADMORG	23	71	3,0	+19 (27,0%)	57	34	31
Bachelorprogram ADMORG	73	86	1,2	+16 (18,6%)	131	67	49
<b>Total</b>	<b>93</b>	<b>157</b>	<b>1,7</b>	<b>+35 ()</b>	<b>188</b>	<b>101</b>	<b>80</b>
Masterprogram i ADMORG	56	90		+25 (38,5%)	50	29	25
Masterprogram PUBAD*	15	(37)		+10 (37%)	11	9	9
<b>Total</b>	<b>84</b>	<b>127</b>		<b>35</b>	<b>61</b>	<b>38</b>	<b>34</b>

\*H 2013 var det totalt 711 søker fordelt på 492 kvotesøknader, 182 selvfinansierte og 37 fra Stud.Web (Kvote og selvfinansierte gjelder søker bosatt i utlandet som har søkt gjennom UiBs internasjonale opptak innen 1. desember 2012. Søknadsweb gjelder søker bosatt i Norge som har søkt gjennom fakultetets lokale opptak innen 15. april 2013.)

Søkjartala er ikkje tilfredsstillande når dei vert sett i lys av at for få av dei som får tilbod takkar ja. På ei anna side har søkeralda utvikla seg positivt siste året, og instituttet vonar å kunna forsterke denne trenden. Viktig i så måte vert oppgradering av profileringa vår på nettsidene til UiB. Betre søkerad, saman med det ovanfornemnde arbeidet med studiekvalitet og læringsmiljø vil vonleg også betra kandidatproduksjonen.

### Tabell 2: Kandidatproduksjon\*

Antall kandidater som har fullført bachelorprogrammet i administrasjon og organisasjonsvitenskap (BASV-AORG), masterprogrammet i administrasjon og organisasjonsvitenskap (MASV-AORG) og Master's Programme in Public Administration 2009-2013.

Kilde: DBH

Program	2009	2010	2011	2012	2013
BASV-AORG	24	30	32	32	34
MASV-AORG	27	17	18	16	16
MASV-PUBAD	8	10	9	15	6
<b>Totalt</b>	<b>59</b>	<b>57</b>	<b>59</b>	<b>63</b>	<b>54</b>

\* Dette er personer/kandidater som har fullført et studieprogram, både ikke-vitnemålgivende (gir kun en eksamensutskrift) og vitemålgivende program.

**Tabell 3: Studiepoeng pr. student**

Dette er en oversikt over hvor mange studiepoeng som er avlagt for hver registrerte student for de ulike programmene.

Kilde: DBH

<b>Program</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
ÅRSV-AORG	32,5	30,8	33,3	33,7	39,8
BASV-AORG	38,9	38,9	42,0	41,7	42,7
MASV-AORG	34,2	39,2	46,0	45,7	43,1
MASV-PUBAD	44,4	54,5	49,3	70,3	50,3
<b>Gj. snitt</b>	<b>37,5</b>	<b>40,8</b>	<b>42,6</b>	<b>47,8</b>	<b>43,9</b>
SVF – gj. snitt	40,7	40,1	39,9	40,3	42,3

BASV-AORG produserte i 2012 153,7 årseiningar (årseining = 60 sp), mot 131,5 årseiningar i 2013. Dette er ein nedgang på 22,2. 2012 var eit år med høg produksjon av årseiningar, ser ein resultatet frå 2013 i lys av perioden tilbake til 2006, er det ein marginal nedgang. MASV-AORG produserte 44 årseiningar i 2013, mot 45 i 2012. MASV-MPA som er det engelskspråklege masterprogrammet har ein nedgang frå 15 årseiningar i 2012 til 6 i 2013. 2012 var eit år kor fleire som var forseinka leverte sine mpa oppgåver, noko som gjorde talet høgare enn normalt. Ser ein 2013 i lys av tidligare år, er det likevel ein nedgang, ein trend instituttet ynskjer å snu. Fakultetet har sett i gang eit arbeid for å betra oppfølginga av bachelorstudentar som instituttet deltar i og voner vil betra stoda.

**Tabell 4: Tal på utreisande studentar**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Utreisande studentar (master)	3	6 (2)	8	7	11 (1)	17 (2)

\*Utanlandsopphald lenger enn 3 månader. Utreisande for eit år vert talt opp i avsluttande semester.

**Tabell 5 : Mengd studentar med avlagt BA- grad på utanlandsopphald:**

	2009-kullet	2010-kullet
Del av studentar på utveksling	20 % (8 av 41)	25 % (8 av 32)

Det er ei positivt utvikling når det gjeld utreisande studentar.

#### Studentaktiv forsking

Programsensor for masterprogrammet peikar i 2013 rapporten på at instituttet utmerkjer seg ved eit sterkt forskingsfokus i masterprogrammet. Alle masterstudentar vert knytte til ei av 4 forskingsgrupper. Innan 2. semester skal studentane ha vald forskingsgruppe, samt ein rettleiar frå gruppa. Studentane vert her søkt knytt opp mot instituttet si forskingsverksemd, for ein del studentar tar det form av at masterprosjekta direkte er knytte til forskingsprosjekt i gruppene.

Instituttet vil gjerne oppmuntra til slikt samarbeid. Instituttet har likevel veklagt at studentane skal kunna stå fritt i kva dei vil skriva om innanfor dei rammer gruppene har..

- Arbeid med alumnusportalen og andre alumnustiltak ved instituttet i 2013. Planar for arbeidet i 2014.

Alumnusarbeid, alumnusportalen og andre alumnustiltak har vore ein av prioriteringane i 2013, og vi vil fortsetja prioriteringa i 2014. I 2013 vart det gjennomført to alumnustreff, eit på våren og eit på hausten. Treffet våren 2013 tok for seg temaet «*Helse og velferd*», og hausten 2013 viste instituttet ein film i samarbeid med BIFF. I 2014 vil instituttet jobbe fram mot Alumnusdagane 9.- 10. mai , samt planlegge ei hending 2014. Vi ynskjer å samarbeidet med BIFF samtidig som vi tilbyr andre arrangement. For å arbeide med formidling, alumnusportalen og nettsidene elles har instituttet engasjert ein vitskapelig assistent i 50% stilling fram til sommaren for å bidra til å synleggjere forskingsaktivitetane ved instituttet.

#### **Internasjonalisering :**

Instituttet har i 2013 opplevd ein auke frå fjaråret. Aukinga er frå 12 til 19 utreisande studentar. Samla har 22% (16/73) av dei studentane som fullførte bachelorprogrammet i 2012 og 2013 vore på eit utvekslingsopphald i løpet av studiet. Tala for 2013 indikerer at andelen vil auka for komande kull, og nærma seg målet på 30% utreisande studentar.

Den faglege forankringa i avtaleporteføljen har vore avgjerande i internasjonaliseringsarbeidet. Det er eit ønskje å styrke kontakta med utvalde samarbeidsinstitusjonar og tilby studentane fleire utvekslingsmoglegheiter som instituttet særleg tilrår. I 2013 vart det gjennomført ei kontaktreise til Nederland og Belgia som eit ledd i dette arbeidet.

Det vil i 2014 verta arbeidd vidare med å raffinera instituttet sine utvekslingsavtalar med sikte på fagleg forankring. Det nye rektoratet sin politikk vil krevje ei ny gjennomgang av porteføljen av avtalar innan Erasmusprogrammet. Ein svak nedgang i søkerkartala i hovudopptaket tilseier òg at instituttet bør ha fokus på informasjonsarbeidet mot studentane fram mot suppleringsfristen for utveksling. Det vil i løpet av våren verta diskutert og planlagt moglege kontaktreiser for året.

#### **Etter – og vidareutdanning**

Instituttet har eit breitt etter- og vidareutdanningstilbod, som inkluderer fire emne. AORG606 Teknologileiing har undervisning både haust og vår, medan AORG602, AORG606 og AORG613 har ujamne undervisningssemester.

Emna er etterspurde, og studentane gjev svært gode tilbakemeldingar på alle dei nemnde kursa.

- Teknologiledelse AORG606.

Gikk både vår og høst 2013. 15 stp.

- Forvaltningspolitikk AORG607.

Gikk høst 2013. 15 stp.

- ODIN. AORG613.

Gikk høst 2012 – vår 2013. 30stp.

Kursa er organisert som ei blanding av seminar med forelesninger, rettleiing og gruppearbeid, og nettstøtta sjølvstudium. Emna har vorte evaluert av studentane, og dei er jamnt over godt nøgde med tilbodet og gjennomføringa. Søkinga har vore god og plassane vert fylte opp.

Kurset i Teknologileiing (AORG 606) har vorte evaluert heilt sidan oppstarten, og resultata herfrå er gode. Instituttet har planar om å utvikle eit nytt emne i vår portefølje av etter – og vidareutdanningstilbod. Emnet skal byggja på AORG606 Teknologileiing, og skal byggja vidare på dei tema som blir teke opp i emnet.

#### **Planar 2014:**

Instituttet har inga planar om å gjennomføre endringar i fyrstesemesterstudiet i bachelorutdanninga i 2014. Men som signalisert over, ynskjer vi å vidareføra arbeidet med å sjå korleis dei ulike emna våre står i forhold til kvarandre når det gjeld innhald og progresjon. Dette, saman med vidareføringa av læringsmiljøtiltak (PEK), vil vera viktig for å betra studiekvaliteten. Instituttet vil også gjennomføra eit mindre forsøksprosjekt knytt til AORG 101 for å finna ut kva former for digitalisering som kan vera pedagogisk og fagleg fornuftige. Det er å vona at UiB sit satsing på digitalisering kan yta ressursar til dette arbeidet.

Instituttet vil i 2014 bruka store eigne midlar til ein vitskapleg assistent som skal bidra i oppgradering og utvikling av instituttet sin profil på nettsidene våre. Førebels er dette planlagt fram til sommaren, men instituttet vil vurdere om dette arbeidet skal halda fram over sommaren. Vi ser dette som viktig for rekrutteringa.

Ei viktig sak vert sikring av aorg 324, Scandinavian Public Administration som ikkje har rekruttert godt nok i fyrste omgang. Det kan tenkjast at ein i denne samanheng vil sjå på Constitution and Politics på nyt.

Instituttet vil vurdera om det kan vera tenleg å opna NUTR 220, Ernæringens politikk og forvaltning, for fleire sokjargrupper enn i dag.

Instituttet har vore involvert i det tverrfaglege bachelorprogrammet Utviklingsstudiar ved fakultetet. Dette er ei sentral satsing for heile UIB og instituttet har bygd opp betydeleg nettverk eksternt og kompetanse i staben på utviklingsproblematikk knytt til offentleg administrasjon og offentleg politikk. Etter at Institutt for sosialantropologi trekte seg ut av dette samarbeidet i 2013 ser instituttet det som ei viktig oppgåve i 2014 å bidra til reorganisera og vidareføra dette studietilbodet og evt. å trekkja fleire partar inn i det. Det er innleidd drøftingar med Samanliknande politikk og Sosiologi om korleis dette eventuelt kan gjerast.